

Fra: Bryde Martin Hageselle
Sendt: 20. august 2015 23:27
Til: Postmottak NFD
Kopi: Myklebust Silje Wangen
Emne: Fwd: Uttale til forskrift om tildeling av utviklingsløyve

Høringsuttalelse fra Hauge Aqua om utviklingskonsesjoner for journalføring.

Videresendt melding:

Fra: Cato Lyngøy <cato.lyngoy@haugeaqua.com>
Dato: 20. august 2015 kl. 23.24.06 CEST
Til: "martin.bryde@nfd.dep.no" <martin.bryde@nfd.dep.no>
Emne: Uttale til forskrift om tildeling av utviklingsløyve

Høringsinnspel frå Hauge Aqua AS

1. Hauge Aqua tykkjer at ei ordning med tildeling av utviklingsløyve, vil vera viktig for å stimulera einskildaktørar til å ta risiko på vegne av næringa.
2. Hauge Aqua meiner at utviklingsløyva må kome i tillegg til dei ordinære forskings- og utviklingsløyva. Skildnaden ligg i at FoU løyva bør nyttast der formålet er å vinna ny kunnskap til beste for næringa og der utfallet er uvisst og ikkje så tydeleg kommersiell natur. Slike løyve bør også ha ei klår vitenskapeleg grunnfesting. Utviklingsløyva bør etter vår vurdering vera eit insentiv der aktøren tek risiko som tydeleg vil ta næringa i retning framover enten i form av auka bærekraft, betra ressursrekneskap, produktivitet, betra dyrevelferd, eller meir effektiv arealbruk. Utviklingsløyva skal vera knytt til innovasjonshøgda og kommersiell risiko der begge vil koma næringa tydeleg til gode.
3. Eit utviklingsløyve bør ha ein fastpris ved tildeling. Prisen bør reflekterer at
 1. Ein ikkje kan vente full produksjon i løyvet under utviklingsperioden
 2. Det er knytt risiko til utviklinga og det er ikkje sikkert ein lukkast, eller at vegen til målet tek lengre tid enn venta
 3. Dersom ein lukkast, får heile, eller store delar av næringa del i verdiskapinga
4. Det at løyvet vert gitt «på kreditt» samstundes som det vert gitt med rabatt, vil verke som eigenkapital i eit utviklingsselskap. Dette er ein fin måte å stimulere til innovasjon gjennom knoppskyting i næringa.
5. Hauge Aqua meiner at det ikkje kan leggjast opp til ein evaluering av suksess, som kriterium for tildeling ved avslutta periode. Seriositet,

kompetanse og kvalitet for det einskilde prosjekt må vurderast før løyvet vert gitt, og terskelen bør vera relativt høg. Heller enn ei evaluering ved innløysingsdato, kan det leggjast inn ein suksess-rabatt dersom føreseielege kriterium for slik rabatt kan finnast.

6. Tidsrommet som utviklingsløyvet vert gitt for bør vera ein periode som synest rimeleg for det formålet som løyvet skal nyttast til. Tunge utviklingsprosessar tek tid. I slike tilfelle kan perioden vera 15 år. For mindre omfattande utviklingsprosjekt, kan perioden vera kortare kanskje 10 år. Dersom ein har med klårt avgrensa prosjekt som vil vera over på mindre enn fem år, meiner Hauge Aqua at det bør vurderast om det er rett å tildela utviklingsløyve. Slike prosjekt er gjerne tente med etablerte verkemidlar m.a. frå Innovasjon Norge.
7. Ved tildeling, må innehavar av utviklingsløyve ha rett til å gjera frådrag for utviklingskostnader. Desse må vera knytt direkte til utviklingsprosjektet og revisorbekrefta. Det må avklarast i kva grad andre støtteordningar som Innovasjon Norge og skattefunn påverkar frådraget og i kva grad dei skal inflasjonsjusterast.
8. Det bør vera høve for ein aktør å innløysa eit utviklingsløyve på eit tidlegare tidspunkt enn ved slutten av perioden.
9. Tal løyver som vert gitt, må gi aktøren tilstrekkeleg produksjonskapasitet til at prosjektutviklinga kan gjerast i truverdig kommersiell skala.
10. I perioden aktøren har utviklingsløyvet, bør det vera høve til å delta i kapasitetsutvidingar innan dei kommersielle løyva dersom ein elles kan stetta tildeingskriteria.
11. Tildeling av utviklingsløyve må ikkje utestenge aktøren frå å søkje om FoU løyve for å fylla naudsynte forsknings- og utviklingsoppgåver i prosjektet dersom vilkåra for slikt løyve elles er stetta.

Med venleg helsing

Cato Lyngøy
Hauge Aqua

Mobile phone: +47 93011330
Burundi phone: +257 76118086.
Skype address: cato_haugeaqua